


# REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE TIL PLANSAKER



Referatmalen skal bli fylt ut før og under oppstartsmøtet. Referatet skal bli godkjent av partane.

<b>Arbeidstittel (adresse):</b> Detaljreguleringsplan for gnr. 43 bnr. 0225 Storebø. Austevoll ungdomsskole og Austevoll idrettsanlegg.	
<b>Plantype:</b>	
<input type="checkbox"/> Områderegulering	<u>Erstattar delar:</u>  Detaljreguleringsplan for gnr. 43 bnr. 0546 mfl. Storebø. Fv. 546 Storebøvegen, planID: 20200002  Reguleringsplan med busslomme, planID: 20090019
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering	
<input type="checkbox"/> Ordinær reguleringsendring Gjeldande plan:	
<input type="checkbox"/> Mindre vesentlig reguleringsendring Gjeldande plan:	
<input type="checkbox"/> Reguleringsplan med krav om konsekvensutredning og planprogram	
<b>Eigedom (gnr./bnr.):</b> gnr. 43 bnr. 225, 5392 Storebø.	
<b>Saksnummer:</b> 22/547	
<b>Sakshandsamar:</b> Kristin Isabel Thorbjørnsen	
<b>Planinitiativ motteke:</b> 01.07.2022	
<b>Møtestad:</b> <i>Kommunehuset</i>	<b>Møtedato:</b> 07.07.2022
<b><u>Deltakarar</u></b>	
Plankonsulent:	

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

- Ola Klyve Dalland

Forslagsstillar: Austevoll kommune

Kommunen:

- Sunnivå Skålnes Samdal, plan og byggesakssjef
- Ragnhild Fagerbakke, jurist/konsulent
- Kristin Isabel Thorbjørnsen, rådgjevar arealplanlegging

## 1. Planforslaget oppsummert

Planlagde arealføremål: Offentleg eller privat tenesteyting – Storhall/flerbrukshall, friluftspark/friluftsområde, veg og parkering.

Tiltak:

- Oppføring av storhall/flerbrukshall, med tilleggsbygg.
- Friluftspark/friluftsområde.
- Oppgradering og utviding av veg.
- Etablering av parkeringsplassar.

Storleik på planområdet: ca. 67 daa.

### **Bagrunn for saka:**

Kommunestyret tek saka om etablering av friluftspark og storhall/flerbrukshall ved Austevoll ungdomsskule og Austevoll idrettsanlegg til orientering. Rådmannen har fått mandat til å etablere ei arbeidsgruppe for utvikling av prosjektet jf. arkivsak 22/82, sak 008/22 datert 15.02.2022.

Det blei seinare bestemt at planforslag for Austevoll ungdomsskule og idrettspark skal handsamast som privat forslag til detaljregulering, for å tydeleg skilje mellom kommunen si rolle som utbyggjar og planmynde.

Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS ved Ola Klyve Dalland.

### **Føremålet med planen:**

Bakgrunnen for planinitiativet er ønske om å utvikle og regulere området for Austevoll ungdomsskule og idrettspark på Storebø. Det er planar om å byggje ein storhall på den søre idrettsbanen. Vidare skal skuleplassen og idrettsanlegget oppgraderast i samsvar med prosjektet «Nyskapande aktivitetsarena ved Austevoll ungdomsskule». Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Austevoll kommune og Vestland fylkeskommune.

Saman med møte med kommunen og plankonsulent 07.07.2022 er referatet òg blitt supplert med kva som tidlegare er blitt diskutert i rettleiingsmøte med partar i kommunen datert 08.03.2022:

### **Planavgrensning:**

Det er vurdert to planavgrensningar. I møte vil planavgrensning med rødt stipla linje vera

mest aktuell. Om det blir endringar så kan planavgrensninga omplasserast.

Planen vil ta for seg delar av reguleringsplan med busslomme, planID: 20090019 og detaljreguleringsplan for gnr. 43 bnr. 0546 mfl. Storebø. Fv. 546 Storebøvegen, planID: 20200002. Det er parkering langs fylkesvegen som må bli tatt med i planforslaget. Det er mindre viktig at større delar av detaljreguleringsplan for Fv. 546 Storebøvegen skal vera med i planforslaget.

Storhall/flerbrukshall: Administrasjonen uttrykker at det er viktig at hallen skal ha potensiale til å bli nytta av fleire aldersgrupper, både for born, unge og vaksne. Hallen bør vera til bruk for alle kjønn og tilgjengeleg både under skuletid og på fritid. Det bør vera ein hall som kan brukast på forskjellige måtar, ikkje berre til sport. Det bør ha eit breitt arealføremål slik at det blir vist til at det er eit aktivitetsområde for alle. Estetisk må bygget passa inn i miljøet med fargar og materiale som ikkje verkar skjemmande, bygget saman med tilbygg må vera tilrettelagt uteareala og ha ein naturleg estetisk form.

#### Illustrasjon:

Storhall/leirbrukshall bør ha illustrasjonar som visar den i fleire synsvinklar slik at den estetiske utforminga kan vurderast.

#### Veg:

Vegen inn til dagens fotballbane skal sperrast slik at motorkøyretøy ikkje skal kunne køyre heilt bort til storhallen/leirbrukshall. Parkering vil vera nærmare fylkesveg 546. Det bør vurderast om at planområdet har ein avslappingsone slik at bilar kan køyra inn og ut av området, slik at det ikkje skal vera nødvendig å parkera.

Tiltak som gang- og sykkelveg og kryss mot fylkesveg skal bli vurdert. Tiltak innan veg og kryss må ha teknisk teikning. Avkøyrslar som går inn til Austevoll skule kan takast med i tekniske teikningar.

Det er ønskeleg å utvida og oppgradera vegen som går langs Austevoll ungdomsskole. Vegen er trong og det trengst ein utfylling om vegen skal utvidast. Den tekniske infrastrukturen må avklarast i planarbeidet. Med auka bruk av området vil det bli auka trafikk og behov for å bli meir trafikksikkert.

#### Parkering:

Det er ønskeleg å bruke tilgjengeleg parkering som ligg langs fylkesveg 546, det er mogleg denne skal oppgraderast og at fleire parkeringsplassar skal bli tilrettelagt.

Området O\_BOP på detaljreguleringsplan for fylkesveg 546 Storebøvegen, kan mogleg brukast som mellombels parkeringsplass i prosjekteringsperioden.

#### Sykkelparkering:

Plassering av sykkelparkering må vera med i vurderinga i planområdet. Sykkelparkering må vera tilgjengeleg og tilrettelagt med uteområde.

#### Trafikkanalyse:

Det er blitt forespurt om at det må bli gjort ei trafikkanalyse av planområdet. Analysen må

ta for seg til dels mengde trafikk pr. dag, parkeringsbehov og trafiksikkerhet.

Støyrapport:

Det er mogleg det blir krav om støyrapport då fylkesvegen 546 har både rødt og gult støynivå. Om planen skal ha moglegheit til å utvidast lengre sør i seinare tid er det viktig at ein støyrapport føreligger før byggesøknad.

Konsekvensanalyse:

Det er foreløpig vurdert om at konsekvensanalyse ikkje er nødvendig. Men plankonsulent må sjekka om at tiltaka ikkje inneber endringar av tiltak i vedlegg I eller II til KU- forskrifta.

Grunnforhold:

Grunntilhøva i og rundt Austevoll ungdomsskole bør vurderast. Det er kartlagt myr i nærleiken av skulen og det må difor unngåast å byggast på myr og våtmark.

Vatn og avløp: Kum tilknytt til bustadane nord for Austevoll ungdomsskole er ikkje i noverande tidspunkt dimensjonert for ein ytterlegare utbygging. Kapasiteten må aukast i forhold til utvikling av planområdet.

Friluftspark/friluftsområde: Friluftsparken vest for idrettsanlegget skal vera ein aktivitetspark for born og unge. Ønskjeleg å ha meir vegetasjon og mjukare liner mellom bygga.

Kulturminne: Det må bli gjort oppmerksomt på kulturminne (gravminne) som er i nærleiken av idrettsanlegget i planarbeidet. Kulturminne i nordre del av planområdet skal bli forsøkt å bli fjerna frå automatisk freding.

Forslagsstillar krev at uenighet blir lagt fram for politisk utval for avgjørsle

## 2. Planstatus

Plan	Føremål	Vedtaksdato
<input type="checkbox"/> Fylkes(del)plan		
<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplanens arealdel		18.06.2013
<input type="checkbox"/> Kommunedelplan		
<input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan		29.06.2009 og 27.04.2022
<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan		

Andre planar/vedtak

Anna planarbeid som kan ha innverknad for utarbeiding av planforslag:

- Klimaplan for Hordaland (2014-2030)
- Næringsplan
- Regional transportplan for Hordaland (RTP) (2018-2029)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026)
- Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025)
- Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger (2015-2025)

Relevante planretningslinjer:

- Samordna areal- og transportplanlegging
- Barn og planlegging
- Riks- og fylkesvegar
- Verna vassdrag
- Arealbruk i flystøysoner
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- Andre
  
- Planforslag vil samsvare med overordna plan
- Planforslag vil **ikkje** samsvara med overordna plan

Merknader:

Planen er i tråd med kommuneplanen for Austevoll kommune 2012-2023.

#### Konsekvensutgreiing:

- Planen utløyer krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om KU, jf. pbl. § 4-2.
- Forslag til planprogram blir sendt på høyring samtidig med varsel om oppstart, jf. pbl. § 4-1.

Merknader:

Sjølv om planforslaget ikkje utløyer krav om KU skal planskildringa innehalde ei skildring av konsekvensane av planforslaget.

### 3. Kommunale vedtekter og retningslinjer som gjeld for planområde:

<ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter</li> <li><input type="checkbox"/> Kommunale retningslinjer/ målsetjing</li> <li><input checked="" type="checkbox"/> Føresegn og retningslinjer i kommuneplanens arealdel</li> </ul>	<p><b>§ 2 Rekkefølge (jfr. plan- og bygningslova § 12-7. 2, 10,)</b></p> <p>Fellesområder, leike- og uteopphaldsareal for barn skal vere lagt til rette og ferdigstilt samstundes med bustadane, jf. plan- og bygningslova § 12-7.</p> <p>2.1 Forbetringstiltak på tilkomstvegar Tiltak som nemnd i pbl. kapittel 28 krav til byggetomta og ubygd areal og kapittel 29 krav til tiltaket, kan ikkje finne stad før nødvendige forbetringstiltak på tilkomstvegar til næringsbygg eller bustader er gjennomført, slik at tilkomsten er trafikktrygg og i teknisk god nok stand.</p>
---	--

	<p><b>2.2 Avkøyrslar/kryss</b>  Det er krav til utbyggingsrekkefølge om at avkøyrslar/kryss med busslommer og fortau/gang- og sykkelveggar skal vera opparbeidd før nye bustadfelt blir tatt i bruk. Jf. plan- og bygningslova § 12-7.10.</p> <p><b>2.3 Støysoner.</b>  Støysonekart er lagt inn langs med hovudvegane. Det er markert gule og raude soner basert på data frå Statens vegvesen.</p> <p>Gul sone: Gul sone kan ha mogleg fare for framtidig støy over grenseverdiar og det skal ved område- og/eller detaljregulering gjennomførast støykartlegging.</p> <p>Raud sone: Raud sone har påvist eksisterande støy over grenseverdi. Det er i slike soner ikkje tillate med støyfølsom busetnad. Utbygging i slik sone må berre skje på vilkår av støyskjerming.</p>
--	--

<b>4. Krav til behandling av oppstart</b>	
<p><b>Ved søknad om oppstart skal følgande ligge vedlagt:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Revidert planinitiativ med eventuelle endringar etter oppstartsmøte.</li> <li>2. Kartutsnitt med planavgrensing.</li> <li>3. Planavgrensing i gjeldande SOSI-format.</li> </ol>	<p><b>Merknadar:</b></p> <p>Planavgrense skal tilstøyte naboplan. Det skal ikkje vere gap eller overlapp mellom grensene.</p> <p>Sideareal for veg skal vere inkludert i plankartet (minimum 2 meter frå vegkant).</p>

<b>5. Krav til varsel om oppstart av planarbeid</b>
---

**Ansvarleg søkar skal varsle oppstart av planarbeidet. Varsel i avisa skal innehalde:**

1. Kart med avmerka planavgrensing
2. Aktuelle gards- og bruksnummer
3. Planprogram (dersom planen har krav til konsekvensutgreiing)
4. Merknadsfrist
5. Intensjon for reguleringa
6. Informasjon om kor planinitiativ, referat frå førehandskonferanse og oppstartsvedtak med saksframlegg er tilgjengeleg.
7. Kontaktinformasjon

**Brev til grunneigarar, offentlege etatar og andre råka partar skal innehalde orientering om planforslaget, dagens og framtidig planstatus og føremål:**

1. Oversiktskart som syner planområdet plassering
2. Kart med avmerka planavgrensing
3. Planprogram dersom pbl. § 4-1 trer i kraft
4. Merknadsfrist
5. Intensjon for reguleringa (eit omtrentleg overslag over omfanget til plan – kor mange bustadar, kaiar osv.)
6. Forventa problemstillingar i planen (t.d. vatn og avløp, straumtilknytning, renovasjon, branttilløp eller omsyn til

**Merknadar:**

Ansvarleg søkar er kjend med malar for kunngjering og varslingsbrev samt varslingsliste/adresseliste. Kommunen ber om oversending av varsel til gjennomsyn før utsending.

Kommunen skal sende ansvarleg søkjar liste over vanlege høyringsinstansar, samt naboliste.

Planavdelinga skal få tilsendt varsel om oppstart til gjennomlesing før varsling



<p>kulturminne, trua artar, raudlista artar osv.)</p> <p>7. Vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12</p> <p>8. Behov for utgreiingar/undersøkingar (konsekvensutgreiing)</p> <p>9. Tiltent vegtilkomst til planområde (vegtilkomst skal bli tatt med i planområde ved ny regulering)</p> <p>10. Varsel skal opplyse om kor planinitiativ, referat frå førehandskonferanse og oppstartsvedtak med saksframlegg er tilgjengeleg, dersom desse ikkje er vedlagt.</p>	
---	--

<b>6. Informasjon, medverknad og samarbeid i skissefasen</b>	
<input type="checkbox"/> Informasjonsmøte <input checked="" type="checkbox"/> Undervegs møte <input type="checkbox"/> Regionalt planforum er aktuelt <input type="checkbox"/> Andre tiltak	<p>Merknadar: Ved behov</p>

<b>7. Antatt viktige planfaglege tema for planarbeidet – førebels vurdering</b>	
<input type="checkbox"/> Lokaliseringsfaktorar <input type="checkbox"/> Fortetting <input checked="" type="checkbox"/> Grønstruktur <input checked="" type="checkbox"/> Landskap <input type="checkbox"/> Uklare grenser <input type="checkbox"/> Strandsone	<p>Merknadar:</p>

<input checked="" type="checkbox"/> Estetikk og byggeskikk (fjernverknad, fortetningspotensial, utbyggingsmønster, formspråk, sol/ skuggeforhold)  <input type="checkbox"/> Senterstruktur  <input checked="" type="checkbox"/> Utbyggingsrekkefølge  <input type="checkbox"/> Økonomi  <input type="checkbox"/> Landbruk  <input type="checkbox"/> Verkeområde jord- og skogbruksloven  <input checked="" type="checkbox"/> Biologisk mangfold  <input checked="" type="checkbox"/> Naturområde  <input checked="" type="checkbox"/> Friluftsinnteresser  <input type="checkbox"/> Fiskeinteresser  <input type="checkbox"/> Viltinteresser  <input type="checkbox"/> Vassdragsforvaltning  <input checked="" type="checkbox"/> Vassforsyning, avløpsforhold  <input checked="" type="checkbox"/> Strøm  <input checked="" type="checkbox"/> Hushaldsavfall  <input checked="" type="checkbox"/> Forureining (luft, vatn, grunn støy)	<p>Byggegrense bør gjerast klart på plankart og/eller etter pbl. § 29-4 som føresegn.</p> <p>Kan bli aktuelt ved turveg/sykkel- og gangsti og/ eller kryss ved fylkesveg.</p> <p>Det er registrert enkelte raudlisteartar i planområdet. Fiskemåke og Tyrkerdue.</p> <p>Tvungen renovasjonsordning.</p> <p>Delar av området er i gul og rød støysone</p>
--	--

<input type="checkbox"/> ENØK  <input type="checkbox"/> Kulturlandskap  <input checked="" type="checkbox"/> Kulturminne       <input checked="" type="checkbox"/> Risiko og sårbarheit  <input type="checkbox"/> Verksemdbasert sårbarheit  <input checked="" type="checkbox"/> Leike- og opphaldsareal  <input checked="" type="checkbox"/> Område for allmenta  <input checked="" type="checkbox"/> Utomhusplan  <input checked="" type="checkbox"/> Trafikkforhold og trafikktryggleik  <input checked="" type="checkbox"/> Avkøyrslar og kryss  <input checked="" type="checkbox"/> Trafikkplan/ vegutforming    <input checked="" type="checkbox"/> Støy  <input checked="" type="checkbox"/> Omsynssone	<p>langs fylkesvegen. Dette bør vurderast med ein Støyrapport.</p> <p>To enkeltminne på fotballbanen. Gravminne på 9 x 6m og 10m frå jernalder. Desse er fjerna automatisk fredning.</p> <p>To enkeltminne i nærleiken til fotballbanen. Gravminne på 7m og 5 x 3m frå bronsealder, jernalder.</p> <p>Enkeltminne i nærleiken til 43/172. gravminne på 7m frå bronsealder, jernalder. Denne må søkast om å få fjerna automatisk fredning.</p> <p>Under byggeprosessen</p> <p>ROS-analyse</p> <p>Trafikkanalyse</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mengde trafikk</li> <li>- Parkering</li> <li>- Trafikksikkerheit</li> </ul> <p>Planmaterialet skal skildre veg og anna infrastruktur slik det er i dag. Sjekk tekniske planar frå detaljreguleringsplan for Storebøvegen og reguleringsplan for busslomme.</p> <p>Mogleg krav om støyrapport grunna gul og rød støysone.</p> <p>Omsynssone som må takast med i vurderinga:</p>
--	--

<input checked="" type="checkbox"/> Folkehelse  <input checked="" type="checkbox"/> Universal utforming  <input type="checkbox"/> Privatrettslege forhold	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Støysone (veg)</li> <li>- Kulturminne</li> </ul> <p>Som ein del av planarbeidet skal det bli gjennomført ein analyse av folkehelsekonsekvens.</p>
---	--

<b>8. Krav til planforslag til 1. gongs handsaming – innhald og materiale</b>	
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Plankart (pdf-fil i riktig målestokk, og siste SOSI-versjon)</li> <li>2. Vegskjeringar/fyllingar skal vere synt i plankartet. Til dømes stigingsgraden på vegen</li> <li>3. Reguleringsføresegn (pdf- og word-filer)</li> <li>4. Planskildring (skal innehalde vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12 og vurdering av statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona dersom planforslaget er innanfor 100-metersbeltet)</li> <li>5. ROS-analyse (ein skal nytte eigen mal som er utarbeida av kommunen)</li> <li>6. VA-rammeplan</li> <li>7. Dokumentasjon på at vatn, avløp, straum, breidband og veg er sikra for planomfanget.</li> <li>8. Konsekvensutgreiing (dersom</li> </ol>	<p>Merknadar:</p> <p>Utfylt sjekklister skal ligge ved innsendinga.</p> <p>VA-rammeplan må leggjast ved.</p> <p>Kontakt AVA om avlaupsanlegg og vasstilførsel.</p>

<p>aktuelt)</p> <p>9. Kopi av kunngjeringsannonse og dato i avisa</p> <p>10. Kopi av varslingsbrev</p> <p>11. Kopi av varslingslista</p> <p>12. Kopi av innkomne merknader ved oppstart</p> <p>13. Utfylt sjekkliste for planfaglige tema</p> <p>14. Eventuelle dispensasjonar skal vere innarbeida i planforslaget</p> <p>15. Privatrettslege forhold skal vere avklart for planlagde tiltak.</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Illustrasjonsmateriale</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Lengde- og tverrprofil for vegane</p> <p><input type="checkbox"/> Spesielle utgreiingsbehov/ tilleggsrapport</p> <p><input type="checkbox"/> Ved uklåre grenser krev kommunen at ein til 1. gongs handsaming gjer ei oppmåling for grensepåvisning</p>	<p>Storhall/fleirbrukshall må illustrerast</p>
--	--

<p><b>9. Kart</b></p>	
<p><input checked="" type="checkbox"/> AUKAS kan levere digitalt grunnkart (Euref 89).</p> <p><input type="checkbox"/> Det er behov for oppmåling</p> <p><input type="checkbox"/> Det vert tilrådd oppmåling av planområdets yttergrense.</p> <p><b>Plankart</b></p>	<p>Merknadar:</p>

Digital framstilling i siste SOSI-standard skal bli godkjent av kommunen <b>før</b> planforslaget kan bli rekna som komplett	
--	--

## 10. Gjennomføring

### Kommunaltekniske anlegg

- Krav om godkjende tekniske planar (vei, vann og avløp)
- Krav om godkjent utomhusplan
- Tiltaket føreset utbygging/ utbetring av kommunaltekniske anlegg

Merknadar:

Behov for utomhusplan for alle bygnigar som skal prosjekterast, og uteområde med grønnstruktur.

## 11. Kommunens førebelse vurderingar og føringar

- Tiltrår ikkje oppstart av planarbeidet
- Tiltrår at reguleringsformålet vert fremja som ei plan- og bygningslova § 12-11-sak
- Tiltrår at reguleringsendringa bli behandla som ei forenkla prosess, jf. pbl. §12-14 andre avsnitt.
- Ansvarleg søker oppfyller kravet til fagkyndighet i plan- og bygningslova §12-3.

Merknadar:

## 12. Overordna framdriftsplan

- Det er informert om saksgangen etter plan- og bygningslova § 12-11.

Sakshandsamingstid er 12 veker frå komplett planforslag er motteke til vedtak i saka.

Planprosessen består av opptil 4 trinn:

- Oppstart: administrativt/politisk vedtak
- 1. gongs behandling og offentleg ettersyn: politisk vedtak
- 2. gongs behandling og offentleg ettersyn: politisk vedtak

- Endeleg godkjenning: politisk vedtak

Ved endeleg godkjenning har kommunestyret frist for å treffe vedtak 12 veker etter at saka er ferdigbehandla av Plan- og byggesaksutvalet.

- Det er informert om saksgong for forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14.

Sakshandsamingstid er 12 veker frå komplett planforslag er motteke til vedtak i saka.

Planprosessen består av to trinn:

- Kombinert oppstart og 1. gongs handsaming: administrativt vedtak
- Endeleg godkjenning: politisk vedtak

Ved endeleg godkjenning har kommunestyret frist for å treffe vedtak 12 veker etter at saka er ferdigbehandla av Plan- og byggesaksutvalet.

- Fordi planen er særskilt komplisert og/eller i strid med overordna planar og/eller begge parter er samde om det, skal det avtalast eigen frist for handsaming når fullstendig planforslag blir sendt inn.

- Det skal utarbeidast ein eigen avtale for samarbeidet om planen mellom ansvarleg søker og kommunen.

Merknadar:

### 13. Gebyr

Handsaming av planforslaget vil bli ilagt gebyr etter kommunens betalingsregulativ for sakshandsaming etter plan- og bygningsloven.

Gjennom søknad om oppstart aksepterar forslagsstillar at planforslaget vil bli ilagt gebyr etter gjeldande betalingsregulativ på det tidspunkt kommunen godkjenner oppstart i medhold av plan- og bygningsloven §12-8.

I samsvar med FOR-2017-12-08-1950 § 8, skal kommunen tilbakebetale forslagsstillar 10% av gebyret i saka for kvar veke fristen blir overskride, maksimalt 10 veker. Dette gjelder saker som er til 1. gongs handsaming og ikkje saker til oppstart, 2. gongs handsaming eller godkjenning.

Fakturaadresse:

***Dersom ansvarleg søker ikkje oppgir fakturaadresse, vil kommunen sende faktura til ansvarleg søker.***

## **14.Stadfestingar**

Referat frå førehandskonferanse til oppstart bygg på opplysningane og dei planfaglege forhold som låg føre på det tidspunktet møtet blei halde. Planfaglege tema og prioriterte utgreiingsbehov for planarbeidet er venta så langt dette har vore mogleg på grunnlag av tilgjengelege opplysningar gitt i planinitiativet og etter interne kommunale avklaringar.

Konklusjonane er derfor førebelse og verken møtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Det blir tatt atterhald om endringar i rammevilkår, i kommunens rutiner og politikk og at nye opplysningar kan føre til endra faglege vurderingar.

Naboprotestar, protestar frå bebuerorganisasjoner, krav frå offentlige styresmakter m.m. vil kunne medføre krav om endring av prosjektet og endring av framdrifta for prosjektet.

Dersom avtalte innsendingar ikkje er mottatt i samsvar med avtalt framdrift, utan at det er avtalt nytt tidspunkt for innsending, kan kommunen vurdere saka som uaktuell og etter ein periode, avslutte saka.

Stad, dato:

07.07.2022

### **Plan- og byggesaksavdeling**

Kristin Isabel Thorbjørnsen  
Rådgjevar arealplanlegging